

Universitetet- for miljø og biovitenskap (UMB)

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007, Dep.
0030 Oslo

Saksbehandler: Odd Arne Rognli
Direkte tlf: 64947688
E-post saksb: odd-arne.rognli@umb.no
E-post UMB: postmottak@umb.no
Postadresse: Postboks 5003
1432 Ås
Besøksadresse: Chr. Magnus Falsens vei 1,
BTB
Faks: 64 94 75 05
Dato: 04.04.2005

Deres ref: 200401333-/CWE

Vår ref: S.2005/101 ODDRO A. 008

Høyring: Forslag til ny lov om planteforedlarrett

Høyringsuttaling frå Universitetet for Miljø- og Biovitenskap

Lovframlegget er tenkt å erstatte den nåverande lova av 1993. Notatet gir ei grundig og balansert innføring i lovframlegget og betydninga av lovverk på dette området. Det er sjeldan planteforedlinga er oppe til offentleg drøfting her i landet, og vi er glade for dette i seg sjølv og for den klare innsikta notatet formidlar om betydninga planteforedlinga har for landbruket og for samfunnet.

Det offentlege si rolle i norsk planteforedling

Det som vi saknar i framstillinga, er ei klarare presisering av *det offentlege (staten og forskingsmiljøa) si vidare rolle og ansvar i planteforedlinga*. Det manglar ei forståing av skiljet mellom *sortsforedling* (som kan vere privat) og *foredlingsforskning* (som er ei langsiktig oppgåve der einaste realistiske finansieringsform er den offentlege).

Ein grunnleggjande politisk premiss i høyringsnotatet er at foredlinga mest mogleg skal svare seg privatøkonomisk. Ettersom den norske marknaden er avgrensa, og foredling som er ulønsam privat kan vere *svært lønsam* samfunnsøkonomisk, har Staten til nå ”trødd til”. Dette gjeld først og fremst i engvekstane og potet, der Graminor får støtte frå Staten. UMB (NLH) har vore ein vesentleg aktør i norsk planteforedling gjennom 100 år, men det har skjedd ein sterk reduksjon dei siste 15 åra i takt med overføring av sortsforedlinga først til Planteforsk og Norsk Kornforedling, frå 2001 til Graminor. Privatiseringa av planteforedlinga har og ført til at midla til planteforedlingsforskning som tidligare vart løyvde via NLVF/NFR og Planteforsk i stor grad har falle bort. Høyringsnotatet legg vekt på planteforedlinga si vitale rolle, men er utan ymt om det offentlege si framtidige rolle i foredlingsforskninga.

Privatiseringa her i landet skjer ironisk nok samtidig med at land som privatiserte på 1980-talet (slik som Storbritannia) tar til å oppdage at den langsiktige foredlinga er i fare. Mange private har knappe marginar og må innskrenke og kutte ut artar. Utviklinga av grunnmaterial er ofte nedprioritert – og dermed den langsiktige framgangen.

Høyringsnotatet seier ikkje noe om kva som skal erstatte den langsiktige innsatsen frå farne tiår ved statlege institusjonar som UMB, og som Graminor ennå flyt på. UMB savner eit forslag om kva omfang og tidsperspektiv foredlingsforskninga i Noreg skal ha. Vi hadde venta

Universitetet- for miljø og biovitenskap (UMB)

at slike spørsmål hadde blitt tatt opp ved eit høve som dette. UMB meiner at det å opprette eit genressurscenter på Ås er eit mogleg nytt virkemiddel for LMD i denne samanhangen.

Endringane i lovframlegget

Dei vesentlege endringane i høve til nåverande lov er:

- ***Ei innskrenking av bondens rett til å produsere formeringsmaterial til eige bruk (Pkt 1 og 2).***

Ettersom Staten legg opp til at sortsforedlinga skal basere seg meir på marknaden, må bøndene vere opne for å delta økonomisk i foredlingsarbeidet. Dersom omfanget av eigenavla såkorn blir som i t.d. Finland – 80% mot det norske 25% -, ville også kornforedlinga kome i ei krise. Innkrevjing av royalty er derfor nødvendig for i det heile tatt å kunne drive planteforedling.

For å ivareta ein tradisjonell eigenproduksjon av formeringsmateriale legg lovframlegget opp til ein viss balanse gjennom eit ”småbruksfrådrag” og framlegget om halv royalty for eigenavla vare av korn og poteter. UMB meiner at det same må gjelde jordbær og andre vekstar der man har hatt tradisjon for å bruke eigeprodusert formeringsmateriale, og ber lovgivar vurdere dette nøye.

Lovframlegget legg opp til eit system som etter nåverande lov er gjeld innan blomsterkulturar. Systemet er der strengare enn for andre kulturar, og dyrkarane er sterkt avhengige av sortseigar for å få lisens. Lova pålegg ikkje sortseigar å marknadsføre ein beskytta sort. UMB meiner at utifrå intensjonen om balanse i systemet, burde ein *rett* til å krevje royalty, bli balansert med *plikt* til å gjere materialet tilgjengeleg. Ein paragraf om høve til tvangslisens er ikkje tilstrekkeleg for bønder flest.

- ***Ei innskrenking av andre foredlaras rett til å bruke sortar til foredling, dersom dei er ”vesentleg avleidde” av desse (Pkt 3 og 4).***

Vi saknar her ei nærare presisering av omgrepet ”vesentleg avleidde” (”essentially derived varieties”). Spontane mutasjonar er ikkje i same klasse som genmodifiserte sortar, som paragrafen tar sikte på å omfatte. Vi er og bekymra for at metodar som *tilbakekryssing* er nemnd i notatet, utan at graden er presisert.

Vi vil her vise til ein innsiktsfull diskusjon av omgrepet ”essentially derived” ved USAs mest erfarne maisforedlarar (A. Forrest Troyer og T.R. Rocheford, Crop. Sci., 42:3-11, 2002). Dei viser her at nesten alle innavlslinene brukt i ulike maisforedlingsprogram i USA er minst 75-90% i slekt. Ei terskelverdi for ”essentially derived” på dette nivået vil lamme dei fleste maisforedlingsprogramma. Forfattarane gjer framlegg om minst 90% likskap for å være ”essentially derived”, og med ei bindingstid på *maksimalt 5 år* for at framgangen i foredling ikkje skal kome i fare.

UMB meiner at tilsvarande høve bør leggst til grunn for norsk planteforedlerrett. Både for krav til likskap og til bindingstid bør ein større nyansering mellom arter vurderast for ikkje å bremse framgang i planteforedlinga.

Universitetet- for miljø og biovitenskap (UMB)

- *Eit krav om å oppgje opphavlandet til ein genressurs ved søknad om sortsgodkjenning (Pkt.5).*

Vi er svært nøgde med at lovframlegget er så klart på dette punktet. Det bringer framlegget på line med Konvensjonen om Biologisk Mangfald. På den andre sida er vi ikkje sikre på den praktiske rolla dette vil ha, ettersom svært mykje av genressursane daterar seg frå tida før Konvensjonen tok til å gjelde. Eit anna punkt som ikkje blir tatt opp, er UPOV-systemet sin innverknad på genetisk mangfald i landbruket som følge av krava til at sortar skal vere skillbare, einsarta og sortsekte (stabile). Dette er ei svært interessant forskingsoppgåve med relevans for arbeidet innan Konvensjonens 2010-målsetting.

Med hilsen

Knut Hove
Rektor

Anne Marte Tronsmo
Prorektor